

Ark. sak 2016/212
Sak PS 42/16

Bjørn Magnar Rotevatn
Botnavegen 16
6104 VOLDA

Volda kommune
Stormyra 2
6100 VOLDA

Volda 05. mai 2016

Kommentarar til administrasjonen si tilråding (sak 2016/212)

Viser til administrasjonen si tilråding. Eg ønskjer å understreke at eg er glad for ei positiv tilråding. Eg ønskjer likevel å kome med nokre kommentarar til Forvaltningsstyret sidan eg opplever at saksdokumentet inneheld nokre faktafeil. Eg vonar at handsaminga vert rettferdig i høve tidlegare godkjende naust.

Alternativ ordlyd til vedtak

Punkt a i tilrådinga vert endra til «Naust etter målsett skisse i søknad vert godkjent.» Nærare grunngjeving om dette følgjer i dei neste punkta. Elles stiller eg også spørsmål om punkt c sidan kommunen allereie i eigen plan har skrive at dette ikkje er eit problem.

Gjeldande plan

Administrasjonen legg i si tilråding vekt på ein plan som framleis ikkje er vedteken (Turveg Rotevatnet). Ein forskoterer såleis eit positivt politisk vedtak sjølv om fleire høyringsinstansar har endra meining. Eg forventar såleis lik handsaming som andre søkjarar har fått basert på gjeldande plan. Som kjent har også Fylkesmannen kome med fråsegn i samband med turvegen der det går fram at dei aktuelle presiseringane i retningslinjene ikkje bør vere oppført slik dei er i framlegget.

Storleik og utsjånad

I tilrådinga er det lagt stor vekt på storleiken eg søker om. Eg skal klare å tilpasse dette, men eg ønskjer å påpeike følgjande som Forvaltningsstyret må vurdere:

- Som søknaden viser har kommunen tidlegare godkjent søknadar med tilsvarande eller større storleik (til dømes saksnr 2012/254). Det er også anna naust på 34 kvm langs vatnet. I tillegg har kommunen tidlegare godkjent ca 75 kvm samla areal for naustet til Volda jeger og sportsfiskarlag i den same strandlinja. Det verkar då underleg om mi sak ikkje skal vurderast etter tilsvarande kriterium som dei andre.
- Av tilrådinga går det fram at: «Dei gamle nausta langs Rotevatnet har knapt takutstikk, ligg godt inn i terrenget, lavt og lite dominerande Dei har og enkel og luftig ståande kledning.» For å nyansere dette legg eg ved eit utval bileter frå dagens naust som viser at dette ikkje er korrekt. Eg meiner såleis at naustet vil gli godt inn i terrenget
- Det kan også nemnast at kommunen har godkjent ridebane rett ved det aktuelle området. I dag vert det nytta brakker på området – men det er i planen også lagt opp til ridehall. Eg kan såleis ikkje sjå at skissert utsjånad på naustet skal vere negativt.

Vikebygda skule – ekskursjonar

I tilrådinga går det fram at Vikebygda skule nyttar området til ekskursjonar og at der er natursti. Ekskursjonsområde knytt til Vikebygda skule er ukjent, jf brev frå rektor ved skulen datert 06.09.2012. Dette går også fram av planomtalen knytt til Turveg Rotevatnet. Der er heller ingen sti.

Flaum/Skred

Administrasjonen skriv at det ikkje er gjennomført kartlegging av sannsyn for flaum. Eg ønskjer å påpeike at kommunen sjølv har hevda at dette er uproblematisk i sitt eige planframlegg for Turveg Rotevatnet (Risiko- og sårbarheitsanalyse side 27 i planframlegget). Eg reknar med denne vurderinga er fagleg forankra – noko anna vil vere underleg. Eg reknar med sakshandsamar orienterer meg om det er nødvendig med meir informasjon enn kommunen sjølv har sagt er tilstrekkeleg i sin eigen plan for same området. Det er naturlegvis kjent at Rotevatnet normalt har ein høg vasstand ved mykje regnvêr og snøsmelting, og dette vil eg ta omsyn til. Bruk av liggande kledning er såleis ein fordel slik at det evt berre er nedste bordet som er mest utsett.

Eksempel frå dagens naust:

Liggande kledning



Ståande kledning. 30 kvm. Ståltak



Liggande kledning. Ståltak



Ståande kledning, ca 75 kvm totalt



Kommunens eige bygg på Årneset.

Liggande kledning



Liggande kledning



Med helsing

Bjørn Magnar Rotevatn